

Anders Fjell
Nordhaugvegen 20 A
5363 Ågotnes

Dato: 08.06.2018
Vår ref.: 2018/7804-5
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Klage på vedtak - Fv 211 - Nordhaugvegen - mellombels svar

Vi viser til dykkar brev av 25.02.18. og tidlegare korrespondanse i høve klage på Statens vegvesen sitt vedtak i saka.

Som de peikar på, har Statens vegvesen i si orientering om klageretten opplyst at Hordaland fylkeskommune er klageinstans. I same orientering står de under overskrifta 'hvem kan De klage til'

Klagen sender De til oss. Dvs det organet som er ført opp i rubrikk (1). Hvis vi ikke tar klagen, sender vi den til klageinstansen, jf. rubrikk (4).

Statens vegvesen er ført opp i rubrikk (1), og er såleis rett mottakar av klaga. Som Statens vegvesen orienterer om, kan dei ta klagen til følgje. Det er når dei ikkje gjer det, at klaga vert sendt over til fylkeskommunen.

Vi har no fått klaga oversendt frå Statens vegvesen, ettersom dei etter ny vurdering opprettheld sitt vedtak i saka. Vi legg opp til å leggje saka fram for den fylkeskommunale klagenemnda for handsaming i møte 28.08.18. Klagenemnda gjer endeleg vedtak i saka.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.